Fylkesmannen i Hordaland

Saksbehandler, telefon
Hallvard Hageberg, 5557 2318

Vår dato
02.06.2015
Deres dato

Vår referanse
2015/5451 473
Deres referanse

Norsk Gjenvinning Metall AS avd Arna
Storaneset 42
5260 INDRE ARNA

Rapport frå inspeksjon ved Norsk Gjenvinning Metall AS avd. Arna 11. mai 2015

Rapportnummer: 2015.059.I.FMHO

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda	Frå Fylkesmannen i Hordaland
Jan Magne Skjoldal	Astrid Holte
Siv Anita Lohne	Idris Abdeh
Ellen Wold	Hallvard Hageberg

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten omhandlar avvik og merknader frå inspeksjonen. Dersom vi ikkje får melding om faktiske feil i rapporten innan to veker etter at rapporten er motteken, er rapporten endeleg.

Fylkesmannen i Hordaland fann 4 avvik under inspeksjonen innan følgjande tema:

- Internkontroll
- Utslepp til sjø
- Dimensjonering av oljeutskiljar
- Farleg avfall

Fylkesmannen ser alvorleg på avvik 2 som vart funne under denne inspeksjonen og ber om at tiltak vert sett i verk snarast. Gjennomføring av tiltak kan bli følgt opp med ny kontroll.

Avvika og merknadene er nærare omtalt frå side 3 og utover i rapporten.
Norsk Gjenvinning Metall AS må sende ei skriftleg stadfesting innan **1. september 2015** på at avvika er retta. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side to.

Med helsing

Astrid Holte (e.f.)
senioringeniør

Hallvard Hageberg
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.
Kopi til: Bergen kommune, VA-avd., Postboks 7700, 5020 Bergen

Informasjon om verksemda

Namn: Norsk Gjenvinning Metall as avd. Arna	**Kontrollklasse/risikoklasse:** 3
Besøksadresse: Storaneset 42, 5260 Indre Arna	
Postadresse: Postboks 224 Indre Arna, 5888 Bergen	
E-post: truls.soloy@ngn.no	**Telefon:** 55 53 99 90
Kommune: 1201/Bergen	**Organisasjonsnr.:** 976 420 632
Bransjenr. (NACE-kode):	**Eigar (org.nr.):** 983 413 161
Løyve sist oppdatert: 12.12.2012	**Forrige tilsyn:** -

2. Bakgrunnen for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova med forskrifter blir haldne.

Biloppsamlingsplassane tar imot kasserte kjøretøy for miljøsanering og vidare levering til opphogging. Dette tilsynet er gjennomført som del av ein landsdekkande aksjon med biloppsamlingsplassane. Målet med aksjonen er at miljøsanering og lagring av bilvrak skal føre til mindre forureining.

Følgjande hovudtema vart kontrollert:

- Miljøsanering av kasserte kjøretøy
- Forsøpling
- Fast dekke
- Oljeutskillar og utsleppskontroll
- Handtering av farleg avfall
- Internkontroll inkludert risikovurdering, rutinar og handtering av avvik

3. Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktar snarast å rette opp avvika som er omtalt i denne rapporten. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må de innan 1. september 2015 sende ei skriftlig tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis avvik er retta, gjerne med bildedokumentasjon.

Varsel om tvangsmulkt

Dersom vi ikkje får tilbakemelding med dokumentasjon på at avvika er retta innan 1. september 2015, vil Fylkesmannen vurdere å fatte vedtak om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

4. Kontrollgebyr

Norsk Gjenvinning Metall as avd. Arna skal betale gebyr for kontrollen, jf. forureiningsforskrifta § 39-6. Verksemda er i løyvet plassert i risikoklasse 3. Dette betyr at de skal betale 12 200 kroner for den gjennomførte inspeksjonen. Faktura blir ettersendt frå Miljødirektoratet.

5. Offentleggjering

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg for alle via Fylkesmannen i Hordaland sin postjournal på www.fylkesmannen.no/hordaland, jf. offentleglova.

6. Dokumentunderlag

- forureiningslova
- avfallsforskrifta kapittel 4 om kasserte kjøretøy
- avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall
- internkontrollforskrifta

Informasjon om regelverket finner de på www.miljodirektoratet.no og www.regelhjelp.no.

Definisjonar

- **Avvik**: brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovene (til dømes brot på krav i forureiningslova, produktkontrollova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar).
- **Merknad**: noko som miljøvernstyresmaktene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1: Internkontrollen har manglar

Avvik frå: § 5 punkt 6 i internkontrollforskrifta om risikovurdering, jf kapittel 4 i avfallsforskrifta, vedlegg 1 punkt 5

Kommentar til regelverket:
Internkontrollforskrifta kapittel 5 punkt 6 set krav til at verksemda må kartlegge fare for forureining og vurdere risiko. På bakgrunn av dette skal ein utarbeide planar og tiltak for å redusere risikoforholda. I punkt 5 i vedlegg til kapittel 4 i avfallsforskrifta står det at oppbevaring og handtering av kasserte bilvrak skal utførast på ein slik måte at ein i størst mulig grad unngår skade på komponentar som inneheld væske eller på komponentar og delar som kan gå til gjenvinning.

Stabling av usanerte bilvrak medfører ekstra mekanisk påkjenning på dei vraka som ventar på miljøsanering. Auka fåre for utslepp som følgjer av slik stabling må derfor vurderast særskilt saman med eventuelle tiltak for å redusera risikoen.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:
Det vart under tilsynet opplyst at ved stor pågang måtte bilar stablast i høgda for å ha plass til mottekne vrak. Det var ikkje gjennomført risikovurdering av stablinga. Verksemda opplyste at bilar med synlege lekkasjar vart sett på særskilt område med tett dekke (betong).

Avvik 2: Verksemda har utslepp av olje til sjø

Avvik frå: § 7 i Forureiningslova

Kommentar til regelverket:
Hovudregelen i § 7 i Forureiningslova er at "Ingen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forurensning uten at det er lovlig etter §§ 8 og 9, eller tillatt etter vedtak i medhold av § 11".

Avviket er basert på følgjande observasjonar:
I samband med oljeutslepp/sterk nedbør sommaren 2014 hadde verksemda lagt ut lense i sjøen utanfor utsleppsleidning frå området. Lensa låg framleis, og under tilsynet kunne vi tydeleg sjå olje som kom opp til overflata innanfor lensa. Det danna seg også oljefilm. Etter det vi kunne sjå stamma utsleppet frå den eldste oljeavskiljaren, det kunne sjå ut som om utsleppskummen hadde oljelag på toppen.

Avvik 3: Dimensjoneringsdata for oljeavskiljarane er ikkje tilfredsstillande

Avvik frå:
- Internkontrollforskrifta § 5 punkt 6, tiltak for å redusera risiko
- Internkontrollforskrifta § 5 punkt 7, rutiner for å førebyggja lovbrot

Kommentar til regelverket:
Verksemda skal sjå til at reinseinnretningar alltid fungerer slik det skal. Dette inneber mellom anna å ha full oversikt over dimensjoneringsgrunnlaget for renseanlegg, slik at ein straks kan vurdera behov for oppgradering m.v. når føresetnadane for dimensjonering endrar seg. For oljeavskiljar som vert tilført vatn frå utandørs areal er både endringar i arealet og nedbørsintensiteten faktorar som kan gjera at avskiljaren får for lita opphaldstid, og dermed for lav renseeffekt.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:
Det kunne ikkje leggjast fram dokumentasjon under tilsynet som viste kva for dimensjonerande tilrenning som var lagt til grunn for oljeutskiljarane. Den eine oljeavskiljaren tok inn takvatn, som ikkje skal reinsast. Området fekk også tilført overløps- eller lekkasjevatn frå kommunal overvassledning etter det som blei opplyst under tilsynet. Observasjonane under avvik 2 ovanfor tyder også på at den eine eller begge avskiljarane til tider får for mykje vatn inn.

Avvik 4: Handtering og lagring av farleg avfall er ikkje tilfredsstillande

Avvik frå: Avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall

Kommentar til regelverket:
Farleg avfall skal handterast forsvarleg, § 11-5 i avfallsforskrifta. Det skal heller ikkje blandast med anna avfall.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:
Under tilsynet såg vi fleire IBC-ar med farleg avfall som var dårleg merka eller der merkinga vende inn mot veggen. Dette aukar faren for at avfallet vert feilhandtert eller for at ulike avfallstypar vert blanda.

Det vart opplyst at avfall (både fast og flytande) frå pressing av bilvrak ikkje vart samla opp og levert som farleg avfall. Dette avfallet må karakteriserast og det farlege avfallet må samlast opp og handterast i samsvar med kapittel 11.

8. Merknader

Vi har ikkje gitt merknader under inspeksjonen.

9. Anna

Handtering av katalysatorar
Verksemda demonterer brukte katalysatorar frå bilvraka. Katalysatorane vert levert til ein aktør som tar imot slikt avfall i Noreg.

Miljødirektoratet har i samband med biloppsamlingsaksjonen (men etter at tilsyna i var gjennomført) avklart ansvar for klassifisering og krav til dokumentasjon ved levering av brukte katalysatorar. Vi vil i denne aksjonen informere om regelverket, slik at verksemda kan innrette seg etter dette i framtida. Vi vil følgje opp praksis ved seinare tilsyn.

Farleg avfall eller ikkje
Brukte katalysatorar kan vere både ordinært og farleg avfall, avhengig av kva dei inneheld (sjå Miljødirektoratet sin rettleiar om handtering av farleg avfall frå 2004, side 20 og 21). Det er avfallsprodusenten sitt ansvar å avgjere om katalysatorar er farleg avfall eller ikkje, jamfør § 11-12. I "Kommentarer til avfallsforskriften" står det at "Virksomheter skal kjenne egenskapene til sitt eget avfall og om nødvendig oppsøke konsulent eller lignende for å få avfallet beskrevet." Sidan avfallet kan vere farleg avfall, skal det reknast som farleg inntil det motsette er vist. Verksemdene må etablere rutinar for å vurdere om katalysatorar er farleg avfall eller ikkje.

Dokumentasjon
For levering av katalysatorar som avfall må biloppsamlingsplassen ha ein av følgjande dokumentasjonar

- Dokumentasjon som viser at katalysatoren ikkje er farleg avfall (test av denne eller tilsvaranda (til dømes same modell), vurdering frå konsulent eller liknande)
- Deklarasjonsskjema
- Eksportdokumentasjon (notifikasjon og følgjedokument)

Nytt løyve
Verksemda har søkt om utviding av løyvet, og også om mottak og mellomlagring av EE-avfall. I nytt løyve må verksemda forvente krav om at usanerte bilvrak ikkje kan lagrast i høgda, saman med at alle område der det vert lagra bilvrak får krav om fast ugjennomtrengeleg dekke. Dette vil også gjelda lagring før miljøsanering og lagring av pressa vrak før transport.